



Bømlo kommune,
Leirdalen 1,
5430 BREMNES

Saksbehandlar, innvalstelefon

Håvard Rød, 5557 2143

Bømlo kommune - budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024

Bømlo kommunestyre har i møtet 14. desember 2020, sak 152/2020, handsama og vedteke budsjett 2021 og økonomiplan for 2021-2024. Statsforvaltaren har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbake-melding om korleis Statsforvaltaren vurderer kommunen sin økonomi og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Som følge av covid-19 får kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i kommunen sitt opphavlege budsjett og økonomiplan, og vi vil følgje konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sette i verk.

Oppsummering

Etter vår vurdering er dei frie inntektene i budsjettet på eit urealistisk høgt nivå. Vi vurderer påreknna gjeldsauke som den største økonomiske utfordringa for kommunen gjennom økonomi-planperioden. Kommunen må unngå at den reelle lånegjelda blir for høg.

Budsjett 2021

Kommunen hadde eit netto driftsoverskot i førebels rekneskap for 2020 med kr 17,5 mill., eller 1,7 prosent av driftsinntektene.

Netto driftsoverskot i budsjettet for 2021 er kr 12,8 mill. Det utgjer 1,3 prosent av drifts-inntektene.

Kommunen har budsjettert med kr 382,6 mill. i skatt på eige og inntekt for 2021. Ordinær skatt og rammetilskot er budsjettert med til saman kr 747,6 mill.



KS sin inntektsprognose for 2021 er no oppdatert med innkomen skatt i 2020. Skatt og rammetilskot kan vere budsjettert for høgt. Budsjetterte frie inntekter er vesentleg høgare enn i inntektsprognosen.

Det er budsjettert med kr 33,9 mill. i eigedomsskatt for 2021. Innkomen eigedomsskatt i 2020 var kr 35,7 mill. Reduksjonen i eigedomsskatt frå 2020 til 2021 skuldast reduksjon i skatteøyret på bustader og fritidseigedomar frå 3,5 promille til 3,2 promille.

Kommunen fekk utbetalt kr 26,5 mill. frå havbruksfondet i 2020. Pårekna utbetaling i 2021 er kr 12 mill.

I kommunelova § 14-18 er det gitt minimumskrav for storleiken på årlege ordinære avdrag. Det er budsjettert med kr 31,3 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån).

Kommunen har lagt til grunn ei nedbetalingstid på lån med 27,3 år. Dei ordinære avdraga i budsjettet er planlagt justert noko opp for å oppfylle minstenivået i kommunelova.

I budsjettet er det planlagt brutto investeringar for til saman kr 139,2 mill. Dei største investeringane i 2021 blir i Meling skule, Moster legekantor og omsorgsbustader Sortland. Dei samla investeringane i 2021 kan bli lågare enn det som er budsjettert som følgje av etterslep i gjennomføringa.

Investeringane i 2021 er i hovudsak planlagt finansierte med låneopptak. Investeringane blir elles finansierte med momskompensasjon, investeringstilskot og sal av eigedom.

Det er budsjettert med startlån til vidare utlån, kr 15,0 mill.

Kommunen si brutto langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2020 var kr 974,7 mill. (førebeles rekneskap), medrekna startlån til vidare utlån. Dette utgjer om lag kr 81200,- per innbyggjar.

Økonomiplan 2021 - 2024

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar og dei mål og premisser som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

I økonomiplanen er det for perioden 2022-2024 lagt opp til netto driftsresultat, samanlikna med driftsinntektene, med 2,0 prosent i 2022, 0,1 prosent i 2023 og 1,8 prosent i 2024. Pårekna variasjon i netto driftsresultat i planperioden har samanheng med variasjon i inntekter frå havbruksfond. Dessutan vil effekt av nødvendige innsparingstiltak kome seinare i planperioden.

Kommunen sitt disposisjonsfond var kr 76,5 mill. ved utgangen av 2020 (førebeles rekneskap), eller 7,4 prosent av driftsinntektene. Det er pårekna at disposisjonsfondet kjem til å auke noko i løpet av økonomiplanperioden slik at fondet kjem opp på 10 prosent av driftsinntektene i siste del av perioden.

Det er gjort vedtak om fleire store investeringar i økonomiplanperioden som vil føre til at kommunen si lånegjeld aukar vesentleg.



Kommunestyret vedtok i møtet 14. desember 2020 å redusere den samla investeringsramma i planperioden 2021-2024 med kr 50 mill., frå kr 530 mill. til kr 480 mill. Målsetjinga er å få betre harmonisering mellom kapitalutgiftene og realveksten i dei frie inntektene.

I økonomiplanen er det lagt til grunn at brutto langsiktig lånegjeld kjem til å auke til kr 1151 mill. ved utgangen av 2024. Kommunen si netto lånegjeld (uttrekk for startlån til vidareutlån og lån med rentekompensasjon), i prosent av driftsinntektene, er pårekna å auke frå 78,1 prosent ved utgangen av 2020 til 95,6 prosent ved utgangen av 2024. Det er i desse tala teke omsyn til den nemnde vedtekne reduksjonen på kr 50 mill. i samla investeringsramme i planperioden.

Kommunen har lagt delar av gjelda i to kommunale aksjeselskap (for eigedom og VAR). Det inneber at samanlikningar med gjeldsnivået i andre kommunar gir inntrykk av at Bømlo kommune sin gjeldssituasjon er betre enn det som er reelt. Dei to selskapa har gjeld på til saman om lag kr 400 mill.

Finansielle måltal

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling av kommunen sin økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid.

Kommunestyret har vedteke følgjande handlingsreglar/finansielle måltal:

1. Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene - minst 1,75 prosent
2. Disposisjonsfond i prosent av driftsinntektene - måltal større enn 10 prosent men mindre enn 15 prosent
3. Netto langsiktig lånegjeld i prosent av driftsinntektene - mindre enn 85 prosent

Statsforvaltaren sine vurderingar

Etter vår vurdering er dei frie inntektene i budsjettet på eit urealistisk høgt nivå. Kommunen bør etter mars månad gjennomføre budsjettrevisjon slik at inntektene i budsjettet blir på eit realistisk nivå.

Det er viktig at kommunen opparbeider eit tilstrekkeleg stort disposisjonsfond, blant anna for å kunne møte auka kapitalutgifter. Vi ser det som realistisk at kommunen kan opparbeide disposisjonsfondet til det nivået kommunen har vedteke som målsetjing, det vil seie mellom 10 og 15 prosent av driftsinntektene.

Kommunen har eit høgt reelt gjeldsnivå. Lånegjelda vil auke vesentleg i økonomiplanperioden som følgje av planlagde investeringar, sjølv om det er vedteke reduksjon på kr 50 mill. frå opphavleg plan. Lånegjelda er pårekna å bli vesentleg høgare i planperioden enn det kommunen sjølv har lagt til grunn som ei øvre grense.



Vi vurderer pårekna gjeldsauke som den største økonomiske utfordringa for kommunen i planperioden. Kommunen må unngå at den reelle lånegjelda blir for høg. Investeringane framover må bli tilpassa dette.

Med helsing

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid
assisterande statsforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent